



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.09.2018

Vår ref.: 2017/9966

Arkivnr.: 451.0

Landbruksdirektoratet
Postboks 8140 dep.
0033 OSLO

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsvar frå Rogaland på utkast til nasjonal instruks om regionale miljøtilskot i jordbruket

Vi viser til Landbruksdirektoratet si høyring av utkast til nasjonal instruks om regionale miljøtilskot i jordbruket. Vi viser samstundes til våre tidlegare tilbakemeldingar på første og andre utkast på forslag til ny nasjonal forskrift.

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget om å halde fram med regionale forskrifter. Dei detaljerte føringane i instruksen vil gi mange av dei same utfordringane som vi ga tilbakemelding på 20. mars 2018. Innleiingsvis peikar vi på følgjande:

- **Fjerning av tilskot til bratt innmarksbeite har store konsekvensar for Rogaland. 85 prosent av bratt areal (i RMP) er innmarksbeite. Endringa utgjer om lag 8,4 mill.kr som er 22,4 prosent av total økonomisk ramme i 2018.**
- **Det er eit kunstig skilje mellom slått og beite i mange av ordningane. Vi viser til tilskot til grovfôrareal i produksjonstilskot der bonden vel om arealet skal haustast gjennom beite eller slått. Satt på spissen vil ein bonde gå glipp av miljøtilskot (per dekar) til viktige jordbrukslandskap dersom han vel å la arealet bli beita framfor å bli slått. Vi ber om at beiting av jordbruksareal blir sidestilt med slått.**
- **Endringa i tilskot til slått og beiting av verdifulle jordbrukslandskap frå 2. utkast til nasjonal instruks kompliserer tilskotsordninga for både søkar og forvaltning.**
- **Miljøvenleg gjødselspreiing. Instruksen gir svekka miljøeffekt av ordninga. Den vil opne opp for haustspreiing av husdyrgjødsel, noko som umogleg kan vere intensjonen med tilskotet.**
- **Motivasjonen for å reinske opp reinseparkar og fangdammar vil bli sterkt svekka.**
- **Fylkesmannen må kunne stille vilkår om skjøtselsplan i naturmangfaldsordningane. Fylkesmannen må også kunne stille krav til skjøtsel. Skjøtselsråd vil ikkje erstatte dette. Det kan ta fleire år med feil skjøtsel før det er dokumenterbart i arealtilstanden.**

Resten av våre tilbakemeldingar gir vi som ein kommentar til kvar einskild paragraf.

§ 3 Grunnvilkår (samt § 46 avkorting ved regelverksbrot)

Tidlegare var det krav om at føretak som søkte RMP skulle ha miljøplan. Desse krava blei erstatta med krav til gjødslingsplan og journal over plantevernmiddel når forskrift om miljøplan blei oppheva. I utkastet til ny forskrift er krav til gjødslingsplan og plantevernjournal tatt bort i grunnvilkåra.

Vi er samd i at brot på forskrift om gjødslingsplanlegging og forskrift om plantevernmidler bør handsamast gjennom § 46, avkorting ved regelverksbrot.

Føretak som søker tilskot til miljøtiltak har eit auka ansvar for å ta nødvendige miljøomsyn i si drift. Dette bør kome meir tydeleg fram i regelverket. Til samanlikning er det i forskrift om produksjonstilskot eit krav for å få AK- tilskot at:

- *Det kan ikke gis tilskudd dersom det foretas inngrep som forringer kulturlandskapet.*
- *Det kan ikke gis tilskudd dersom det ikke er etablert vegetasjonssoner mot vassdrag med årssikker vannføring*


Dersom det blir sett tilsvarende grunnvilkår i § 3 vil det fungere som ein avskjeringsregel for å få tilskot. Det kan gi store utilsikta konsekvensar for utmåling av tilskot. Vi ønskjer i staden tydelegare formulering av miljøkrav i § 46:

- *Dersom det foretas ulovlige inngrep som forringer kulturlandskapet skal tilskuddet avkortes*
- *Ved brudd på forskrift om gjødselvarer mv. av organsisk opphav skal tilskuddet avkortes.*

§ 4 Drift av bratt areal

Tilskot til skjøtsel av bratt areal sikrar brei oppslutning til regionalt miljøprogram, og er viktig for å nå ut med dei andre, smalare, tilskotsordningane til rett målgruppe. Føremålet med tilskotet er å stimulere til skjøtsel av areal som har driftsvanskar og sikre god produksjon på areala. I årets jordbruksoppgjjer blei denne satsinga forsterka.

FORDELING AV INNMARKSBEITE MELLOM FYLKE I 2017



I Rogaland er om lag 50 prosent av alt jordbruksareal innmarksbeite. Rogaland om lag 28 prosent av innmarksbeitene i Noreg, og desse utgjer ein avgjerande del av fôrgrunnlaget i fylket. Våre kartberekningar viser at 85 prosent av det bratte areal som får miljøtilskot er innmarksbeite. Fjerning av tilskot til bratte innmarksbeite svekker satsinga på driftsvanskar med om lag 8,4 mill. kr i Rogaland. Vi meiner det er i strid med føringane frå jordbruksoppgjeret.

I instruksjonen er det foreslått å avgrense tilskotet til areal som blir hausta maskinelt og ikkje einssidig beita. Vi stiller spørsmål til korleis eit slikt krav skal kontrollerast. Tilsvarande skilje mellom beite eller slått for å få arealtilskot finn vi ikkje i produksjonstilskot. Det er ikkje uvanleg at fulldyrka areal blir brukt til beitemark. Når det kjem til drift av beiteareal så kan det verke som det lever ei feilaktig oppfatning om at innmarksbeitene ikkje krev arbeidsinnsats frå bonden. Eit intensivt drive «kulturbeite» som dei blir kalla i Rogaland, gir høg avkastning og må stellast på lik linje med anna jordbruksareal. Svært mange av innmarksbeitene i Rogaland er godkjend som spreieareal. Det vil seie at dei blir gjødsla både med husdyrgjødsel og med mineralgjødsla. Sprøyting og ugrashandtering blir gjort manuelt, og det seier seg sjølv at dette er arbeidskrevjande på areal som ikkje kan haustast maskinelt.

Som vi skreiv i vårt svar på 2. utkast meiner vi at å fjerne høvet til å gi tilskot til bratte innmarksbeite botnar i politiske prioriteringar, og ikkje forvaltningsmessige omsyn. Vi kan ikkje sjå kor det politiske grunnlaget er omtalt i våre føringar. Teknisk sett kan dette løysast gjennom å ha to tiltaksklasser. Då kan fylke som ikkje vil prioritere innmarksbeite velje bort dette.

Avslutningsvis vil vi peike på at forvaltninga av RMP blir enklare når vi har ei brei ordning som tilskot til bratt areal. Ved uføresette endringar i søknadsomfang er det godt å kunne justere endeleg

tilskotssats med ei krone på bratt areal framfor å gjere store endringar i tilskotssats på dei små ordningane. Vi vil også peike på at ordninga er enkel å administrere.

§ 5 Drift av beitelag

Vi støtter forslaget som det no er omtalt.

§ 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap, § 7 slått av verdifulle jordbrukslandskap

Her saknar vi å kunne utmåle tilskot per dekar både når det gjeld innmarksbeite og fulldyrka areal slik som det blei skissert i andre utkast til nasjonal forskrift. Her var det føreslått ei samla ordning med beite eller slått av verdifulle jordbrukslandskap der tilskotet blei utmålt per dekar. Vi støtta forslaget som ville gjort forvaltninga av tilskot til jordbruksareal i t.d. Lysefjordområdet svært mykje enklare

I instruksen er forslaget reversert. Her er det ikkje mogleg å utmåle tilskot per dekar både til fulldyrka areal og til innmarksbeite. Som nemnt innleiingsvis finn vi det kunstig å skilje mellom beiting eller slått av eit fulldyrka areal. Forslaget medfører at ein bonde som vel å hauste eit fulldyrka areal i Lysefjorden gjennom beiting vil gå glipp av tilskotet utmålt per dekar, medan ein som lagar rundballar får tilskot. Det vil vere ei klar forenkling å gi tilskot per dekar jordbruksareal, og så kan bonden sjølv få bestemme om areala skal bli beita eller slått på same måte som tilskot til grovfôrareal i produksjonstilskot. Kommunane må sjekke at søkar har tilstrekkeleg med beitedyr, alternativt har drive med sal av grovfôr.

Vi foreslår difor at § 7 blir endra til skjøtsel av verdifulle jordbrukslandskap, og at det blir opna opp for å inkludere innmarksbeite i ordninga. Fylke som ikkje ønsker å inkludere innmarksbeite i ordninga kan i regional forskrift definere kva arealtpar ordninga gjeld for.

I dag har vi utmåling både per dyreeining og per dekar fulldyrka i Lysefjorden, dvs. to ordningar i bruk på same område. Dagens ordning blir av både bønder og forvaltning opplevd som tungvindt, og vi har gjentatte gonger spelt inn ønske om å forenkle ordninga. Dette vil bli løyst dersom vi kan utmåle tilskot per dekar både til innmarksbeite, fulldyrka areal og overflatedyrka areal.

Kapittel 3 biologisk mangfald

Vi meiner sterkt at Fylkesmannen må kunne stille krav til skjøtsel og utarbeiding av skjøtelsplan på alle ordningane under biologisk mangfald. Eit råd er ikkje eit pålegg, og det kompliserer oppfølginga av feil skjøtsel. Det skal ikkje vere nødvendig å vente til at uheldig drift har gått så langt at naturverdiane er dokumentert øydelagt før kommunen kan reagere i tilskot.

§ 10 beiting av kystlynghei

Det er godt det no har blitt ei god løysing på forvaltninga av tilskot til skjøtsel av kystlynghei. Vi vil framleis stille krav til at søkjarane må ha godkjend skjøtelsplan for å kunne søkje tilskot. Overgang til generelle skjøtselråd vil ikkje ivareta dette behovet. Det er variasjon mellom dei ulike områda som er vanskeleg å fange opp med generelle råd. Kontakten mellom fagmiljø på kystlynghei og søkjar er nødvendig.

§ 12 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

Vi støttar forslaget. Dersom der blir lagt til rette for to tiltaksklassar vil det vere mogleg å utvide ordningar med ulike naturtpar. I Rogaland blir ordninga brukt til skjøtsel av naturbeitemark og hagemark.

§ 13 skjøtsel av styvingstre

Her gjentek vi tidlegare synspunkt:

Vi meiner tilskotet til styvingstre må utbetalast årleg slik som i dag. På stadleg kontroll er det ikkje vanskeleg å kontrollere om treet er styva mange år i etterkant. Endring til at tilskotet blir utbetalt det året det blir styva vil vere meir vanskeleg å forvalte. Føretak som har mange styvingstre vil ikkje nødvendigvis skjøtte alle trea same år. Kravet om at det ikkje skal gis tilskot oftare enn kvart femte år blir då vanskeleg for kommunen å kontrollere. Faren for feilopplysningar vil også auke då søkjar ofte importerer kartdata, og innteikning av styvingstre frå tidlegare år vil «henge igjen».

Ved restaurering av eldre styvingstre vil det vere «hardt for treet» viss alle greinene blir styva på ein gong. Hjelmeland kommune har gitt innspel om at «frå gamalt av» blei ikkje nødvendigvis alle greinene styva same år, dvs. ein tok noko eit år og noko eit anna. Ein heilt ny skjøtelsplan med hovudvekt på haustingsskog i kandidatområdet til nytt UKL i Suldal (Jordal 2018) peikar i same lei, og at askeskotsjuka aukar faren for at stuvane døyr ved for hard styving. Det er vanskeleg å sette eksakt krav til styvingsintervall. Det er mogleg å sette krav til at «tre skal bære tydeleg krav av styving», og så kan rettleiinga innehalde anbefalt styvingsintervall til dei ulike tresortane, samt greintykkelse og høgde på treet når styvinga kan starte.

§ 14 soner for pollinerande insekt

Vi støtter forslaget om å innføre ordninga. Vi peiker på at det er nødvendig å kunne sette krav til kva arter som kan sås i. Dette med tanke på å unngå framande arter med spreingsfare til norsk natur. Vi stiller også spørsmål om det vil vere hensiktsmessig å utmåle tilskot per dekar framfor per løpometer dersom nokon vil sette av mindre teigar til pollinerande insekt.

§ 16 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Vi støtter ordninga. Vi peikar på ordninga ikkje vil vere eigna til å ivareta omsynet til svarthalespove og åkerrikse samstundes med hekke- og beitelokalitetar generelt. Det er behov for langt høgare tilskotssats til areal som blir satt igjen til svarthalespove og til åkerrikse enn kva vi kan forsvare å gi til generelle beitelokalitetar. Den praktiske konsekvensen blir at Rogaland videreførar bruk av SMIL-midlar til å støtte lokalitetar med åkerrikse, og at det ikkje blir innført ei frivillig ordning med å sette av areal til lokalitetar med svarthalespove.

Kapittel 4 kulturminne og kulturmiljø

Vi støtter forslaget.

§ 24 vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet.

Endringsforslaga krev langt større økonomisk ramme enn det vi har disponibelt i dag på grunn av lik sats for alle turstiar, samt at krav om samanhengande turstinettverk og merking på offentleg tilgjengeleg kart er tatt bort. Vi ber om at Fylkesmannen framleis kan sette desse krava. Målrettinga blir dårlegare når det ikkje lenger blir mogleg å differensiere i sats mellom område med ulikt press frå turgåarar. Vi meiner det er feil at føretak med turstiar i bynære strøk med klart større press frå turgåarar skal ha same sats som perifere område. Det by- og tettstadsnære landbruket, særleg på Nord-Jæren spelar ei hovudrolle i friluftstilbodet for det tredje største storbyområdet i landet, m.a. fordi dette ikkje har bymark.

§ 34 vedlikehald av fangdam

Det er over 350 reinseparkar i Rogaland, og vi er redd for at forslaget vil svekke motivasjonen til vedlikehald. Kostnaden knytt til vedlikehald er i hovudsak knytt til sjølve reinskinga. Det kan ta alt frå tre til femten år før det er nødvendig med reinsking. Det er i dag utfordrande nok å stimulere til reinsking sjølv med eit høgt tilskot (i Rogaland det året det reinskast opp). Eit årleg beløp som nødvendigvis må vere lågt vil fungere meir som arealerstatning. Det året det skal reinskast vil

kostnaden vere betydeleg høgare enn tilskotet. I verste fall kan søkjar søke på tilskotet fram til reinsking er nødvendig for så å la vere. Då har miljøtilskotet ingen gevinst.

§ 36 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Forslaget i instruksen gir svekka miljøeffekt samanlikna med dagens ordning, og bør endrast.

Husdyrgjødsel blir utnytta best og skaper minst miljøbelastning når den blir spreidd tidleg i vekstsesongen. I dag har vi spreiefrist 10. august og moglegheita til å utsette fristen ved vanskelege klimatiske tilhøve. Det er føreslått å erstatte spreiefristen med formuleringa « *Arealen skal høstes eller beites etter siste spredning i vekstsesongen* »

Nedfelling av husdyrgjødsel er tillate fram til 1. november. I Rogaland er det sau på beite fram til november. Dermed vil føretak få miljøtilskot for bruk av husdyrgjødsel etter 1. september. Det er ikkje i tråd med intensjonen i ordninga.

I Rogaland er det vanleg å gjødsle med husdyrgjødsel vår, etter 1. slått og restgjødsel etter 2. slått. For å sikre god miljøeffekt av ordninga må det settast krav til at utstyret skal nyttast ved alle gjødslingane på areal som får tilskot.

Generelle bestemmingar

§ 43. Søknad

Søknadsfristen for beitelaga bør vere 15. november. Vi hadde tidlegare søknadsfrist 1. november, og det gav mange søknadar om utsett frist på grunn av at beitelaga driv med ettersanking. Det er også ein fordel at beitelaga får tid til å ha samling med medlemmane før søknadsfristen. Vi ber difor om at fristen blir endra til 15. november.

Telledato. Vi må ha en telledato for ordningane. Det er føretaket som disponerer areal og dyr på telledato som kan søkje tilskot. Vi ønskjer å ha telledato 31. juli, i vekstsesongen, då dei fleste tilskota gjeld miljøverdiar på areal. Same frist bør gjelde for når miljøverdiar skal vere registrert på areala.

Kommunane må kunne dokumentere miljøtilstand på areala i vekstsesongen, og dokumentasjonen må kunne nyttast i kontrollverksemd.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Monica Dahlmo
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Dahlmo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 66
E-post: fmromda@fylkesmannen.no